



ÅRSMELDING
FRIIDRETTSGRUPPA
Osterøy Idrottslag
2014

Innhald

Innhald.....	2
Styret	4
Samansetning	4
Styret sitt arbeid.....	4
Styremøter.....	4
Spesielle oppgåver.....	4
Representasjon.....	4
Aktivitet	4
Fungerande trenarar, 2014	4
Dommarar og startarar	5
Friidrettsskulen, 1. – 4. klasse	5
5. – 7. klasse	6
Lonevåg	6
Haus.....	6
Stevne	6
Stafettar.....	6
Team Ungdom.....	6
Gutar og jenter 13-14 år.....	6
Gutar og jenter 15 år og eldre	7
Kvinner og menn senior	8
Kvinner og menn veteranar.....	9
Arrangement	9
Medlemstal.....	10
Medlemstal for 2014	10
Medlemsutvikling.....	10
Vurdering av aktivitet i høve målsetjingane.....	10

Økonomi	11
Konklusjon	11
Vedlegg 1: Referat frå årsmøtet, 2015	14
Referat frå årsmøtet i friidrettsgruppa, OIL, 2015	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Vedlegg 2: Målsetjingar for 2012 og åra framover	17

Styret

Samansetning

Leiar: Marit Iren Reigstad (2014)

Nestleiar/sportsleg leiar: Karl Johan Reigstad (2014)

Skrivar: Herdis Helle (2013-2014)

Kasserar: Arne Reigstad (2014-2015)

Oppmann 6-10 år: Per Inge Lillejord (2013-2014)

Oppmann 11-14 år: Frank Loftås (2013-2014)

Oppmann junior/senior: Bjarte Lohne (2014-2015)

Styremedlem: Karoline Loftås (styremedlem/ungdomsrepresentant), Kirsten Mjelde (1. vara), Jørn Fjellskålnes (2. vara)

Valkomit : Vebjørn Borge (leiar), Åse Bergheim, Gry Askeland, Tore Hannisdal (vara).

Styret sitt arbeid

Styrem ter

Styret har i drifts ret 2014 hatt sju styrem te og handsama 60 saker. Styret har utanom m ta hatt hyppig kommunikasjon og diskutert mindre saker per e-post.

Spesielle oppg ver

Typiske saker dette  ret har vore  konomi, stemner og arrangement, samt ut varkontraktar.

Representasjon

- Helga Reigstad har i 2014 vore sentralstyremedlem, leiar i Barne- og Ungdomsutvalget og leiar for styringsgruppa for Ung:leder-prosjektet til NFIF.
- Geir Kleppe har vore revisor i kretsen.
- Marit Iren Reigstad var referent og OIL sin representant p  kretstinget.

Aktivitet

Fungerande trenarar, 2014

H gaste fullf rte trenarkompetanse i parentes.

- Ann Christin Reigstad (trenar 1)
- Ragnhild Balsvik
- J rn Fjellsk lnes
- Ingri Mjelde Birkeland
- Mats Eirik Elvik (trenar 1)
- Monica Vevle
- Siw Jacobsen
- Toralf Solberg
- Frank Loft s

- Geir Atle Mjelde
- Marit Iren Reigstad (idretts- og treningspedagog)
- Karl Johan Reigstad (trenar 2: sprint/hekk, langdistanse, kast)
- Arne Reigstad (trenar 2: løp og hopp)
- Bjarte Lohne (trenar 2: hopp)
- Frode Langhelle (trenar 1, fysioterapeut)
- Helga Reigstad (trenar 2: kast)
- Bjarte Vik (trenar 2: løp, hopp og kast)

Dommarar og startarar

Inge J. Reigstad (FD/FS), Arne Reigstad (KD/KS), Karl J. Reigstad (FD), John Bernes (KD), Randi Kleppe (KD), Bjarne Langhelle (KD), Bjarte Lohne (KD), Harald Løtveit (KD), Helga Reigstad (KD), Sigbjørn Reigstad (KD), Liv Simmenes (KD), Vidar Simmenes (KD), Ann Christin Reigstad (KD), Åse Bergheim (KD), Geir Kleppe (KD), Ingrid Kleppe (KD), Bernt J. Flæsland (KD), Eystein Markmanrud (KD), Kjetil Stokke (KD), Irene Stokke (KD), Christian Lampe (KD), Jan Magne Langeland (KD), Petter Henning Sæbø (HA), Annette Bru (KD), Magne Vikne (KD), Terje Simmenes (KD), Johan Bergersen (KD), Karoline Loftås (KDA), Torbjørn Simmenes (KDA), Ingvild Solvang (KDA), Markus Loftås (KDA), Markus Markmanrud (KDA), Sigrid Borge (KDA), Trygve Feidje Mjelde (KDA), Marit Iren Reigstad (KDA).

Friidrettsskulen, 1. – 4. klasse

I løpet av sesongen har det vore om lag 50 born innom friidrettsskulen. På treningane har det vore rundt 20 born kvar veke. Talet på born har vore stabilt.

Gruppa har hatt trening ein gong i veka på måndagar, ute på friidrettsanlegget på Hatland frå april til oktober og inne i Osterøyhallen i vinterperioden. I vårsesongen var Ann Christin Reigstad hovudansvarleg for treningane, mens foreldregruppa var med som trenaransvarlege og medhjelparar i eit rulleringssystem. Frå hausten har Ann Christin hatt med seg Ragnhild Balsvik, Jørn Fjellskålnes og Ingri Mjelde Birkeland som hovudansvarlege, mens ein del foreldre har rullert. Erfaringane frå hausten visar at det beste hadde vore om ein eller to trenarar hadde hatt hovudansvar. Det kunne gjeve ein meir stabil kvalitet på treningane. Det har vore vanskeleg å rekruttera nye hovudansvarlege.

Det har vorte gjennomført fire rekruttstevner, to på våren og to på hausten.

I februar, 2015 var fem rekruttar i gruppa med på Pingvinlekene i Leikvanghallen. Arrangementet passar godt for dei yngste og har god premiering.

Per Inge Lillejord, oppmann

5. – 7. klasse

Lonevåg

Friidrettsgruppa har hatt faste treningar kvar måndag på friidrettsbana ved Hatland. I vintersesongen har denne treninga vore kombinert med innandørstrening i idrettshallen. Det møter 10-20 stk på kvar trening. Ansvarleg trenar for gruppa er Mats Elvik. Han har god hjelp av Toralf Solberg og/eller Siw Jacobsen på dei fleste treningane.

Dei eldste utøvarane i gruppa (6. og 7. klasse) kunne med fordel hatt ein ekstra treningsdag til i veka. Dette er vanskeleg å få til for fordi mange av utøvarane er med på fleire idrettsaktivitetar. I vinter har dei difor hatt moglegheit til å vera med team ungdom i Osterøyhallen på onsdagar rett etter skulen. Dette er mest aktuelt for dei som bur i Lonevågsområdet, men me håpar fleire i gruppa nyttar seg av dette tilbudet framover. Ansvarleg for denne treninga er Marit Iren Reigstad.

Utanom dei faste treningane har det vore nokre felles treningssamlingar i Leikvanghallen.

Haus

Haus-gruppa har hatt trening onsdagar, inne om vinteren og ute om sommaren. Frank Loftås og Geir Atle Mjelde har hatt hovudansvar for desse treningane. Denne gruppa er for 1. til 7. klasse. I tillegg har det vore nokre eldre utøvarar innom som ikkje vil gje slepp på denne treninga. Det har berre vore positivt for dei som er yngre. Spesielt Marianne F. Mjelde har vore ein ressurs her.

Det har møtt 10-12 ivrige utøvarar på desse treningane, nokre fleire i vintersesongen. På treningane har det vore fokus på leik og moro, men også innslag av nokre faste øvingar som til dømes drill og stigningsløp. I starten av utesesongen var det fokus på stafett, noko ungane likar svært godt. Målet på desse treningane er først og fremst å gi borna ei innføring i friidrett og forhåpentlegvis gje dei lyst til å halde fram med idretten.

Stevne

Nokre av utøvarane er flinke til å vera med på stevne, men me hadde gjerne sett at fleire deltek meir aktivt. Det er enklast å få utøvarane med på lokale stevne på Osterøy. Ei utfordring er å mobilisera og arrangera felles reise og opplegg til stevner utanfor Osterøy.

Stafettar

Osterøy deltok på Fri-stafetten og Tveitevatnet rundt. Det er gøy og samlande å vera med på stafettar.

Mats Eirik Elvik, trenar, og Frank Loftås, trenar og oppmann

Team Ungdom

Gutar og jenter 13-14 år

Frå hausten 2014 vart alle utøvarar som hadde byrja på ungdomsskulen med i Team Ungdom. Gruppa rommar no både unge og eldre ungdommar, samt og junior- og seniorutøvarane i klubben. Dette grepet vart gjort for å nytta trenarressursane i gruppa betre, gje eit betre tilbod til dei unge som ønskjer å satse, og for å få større fellesskapskjensle i klubben.

Team Ungdom er ei samansett gruppe med sprintarar, hopparar, kastarar, mellom- og langdistanseutøvarar samt mosjonistar. Måndagar trenar gruppa på Hatland, onsdagar i Leikvanghallen og fredagar i gymsalen på Valestrand. Onsdagar er det også trening for dei yngste i Team Ungdom og dei eldste frå gruppa under i Osterøyhallen. Måndagstreningane har stabilt oppmøte på 10-15 utøvarar, mens oppmøtet på onsdagane har lege på rundt halvparten.

Kristoffer Vikne, Marianne Feidje Mjelde, Margarita Solberg og Ingvild Martinsen representerte Hordaland i PEAB-lekene i haust med gode sportslege resultat. I tillegg var arrangementet ein sosial arena der dei vart kjende med utøvarar frå heile kretsen.

Dei som har scora høgast poengsum i Osterøy-friidretten (5 res) blant dei yngste ungdommane er Marianne Feidje Mjelde med 4548 p og Kristoffer Vikne med 4514 p. Marianne var også beste poengsankar i serien for jenter 19 år og yngre. Ho fekk i tillegg 1000-poengsnål for sitt kulestøt på 11.37m (2kg) som gav 1005 poeng på Tyrvingskalaen. Kristoffer Vikne fekk stimulanseprisen for sin sosiale og sportslege innsats på trening og stevne gjennom mange år. Me håpar han vil halda fram med friidretten framover.

I november var det sportsleg og sosial samling for 13- og 14-åringane i lag med gruppa under: Trening i Leikvanghallen, og bading, pizza, «kino» og årsavslutning med premiering for gutar/jenter på OUS laurdag, og fjelltur søndag. Godt oppmøte, god trening og god stemning prega denne helga.

Ansvarlege trenarar i team ungdom er Arne Reigstad, Bjarte Lohne, Helga Reigstad, Frode Langhelle, Karl Johan Reigstad og Marit Iren Reigstad.

Marit Iren Reigstad, trenar

Gutar og jenter 15 år og eldre

I desse årsklassane er det først og fremst to utøvarar som har framheva seg. Sigrid Borge og Sondre Loftås Kåstad. Førstnemnde tronar øvst etter ein framgangsrik sesong. Med 53.50 i spyd forbetra Sigrid sin egen krinsrekord med over tre meter og fekk også med seg gull i nordisk meisterskap for junior, samt deltaking i junior-VM i Eugene i USA (nr.17). I UM i Haugesund blei det eit nytt gull i favorittøvinga, mens ho i junior-NM måtte nøya seg med sølv. Sigrid fekk også den prestisjetunge utmerkinga «årets utøvar» i friidrettsgruppa.

Heimvendt frå USA viste Sondre «sjokkerande» takter i slutten av mai. Med jetlag sesongopna han med 11.00 på 100m under stafett-nm i Grimstad. Det mest imponerende løpet hans denne sesongen var imidlertid 200m på 21.87 under finalen i jr-NM i Fredrikstad.

Elles må Sigrid Bru Reigstad nemnast med flott bronse i ungdoms-nm i terrengløp på Stord. Også verd å nemna er Tina Hæggernes sitt lengdehopp på 4.90 – det lengste i friidrettsgruppa på ein del år. Annelin Lunde hadde dessutan ein flott bandedebut med 20,07.7 på 5000m, noko som er klubbekord for junior.

I serien viser jentene at dei er på frammarsj med seier i 1.divisjon i kretsserien og opprykk til elitedivisjonen. Der kan dei hevda seg godt om me får skulert nokre av dei på hekkeøvingane.

Blant gutane er det dessverre litt motsett trend. Når 94-årgangen no er vekke frå guteklassane, blei det eit vakuum og nedrykk frå elitedivisjonen. Litt tynn ettervekst på gutesida i ein del årgangar gjer at det må mobiliserast litt ekstra her.

Elles har ungdommane i Team Ungdom vore gode og uvurderlege bidragsytarar på dei mange arrangementa friidrettsgruppa har hatt, blant anna to stk DNB Idrettsleker og PEAB-lekene.

Bjarte Lohne, trenar og oppmann

Kvinner og menn senior

Blant senior-utøvarane er det Martin Loftås Kåstad som har framheva seg mest. Etter sin beste forsøng nokon gong med bl.a. pers på 400m med 48.06 var forventningane store fram mot hovud-NM. Ein alvorleg skade i ryggen halvanna veke før meisterskapet gjorde at det blei ein kamp mot klokka å bli klar. Martin klarte likevel å forsvare sin bronse på 400m frå året før. Søndagen persa han etter tre imponerande løp med 21.65 i finalen på 200m (nr.5), berre 26 hundredelar frå gullet. Martin hadde også 10.92 på 100m og var med dette nære sin eigen klubbrekord. Han sette også banerekord på Osterøy Stadion med 21,93 på 200m ein flott augustkveld.

Trygve Feidje Mjelde hadde også ein god sesong trass løpeforbod store delar av forsøngen grunna skade. Det vart pers på favoritt-distansen 800m med 1,55.10 rett bak hovud-NM kravet og ein solid pers på 400m med 50.55. I junior-NM fekk Trygve ein flott 4.plass på 800m i eit sterkt felt. Han hadde også ein habil 1500m med 4,03.89.

Markus Loftås hadde ein flott innandørs-sesong med 7.21, 11.23 og 22.51 på henholdsvis 60m, 100m og 200m. Utandørssesongen blei det dessverre lite av etter overtrening på vårparten.

Kjetil Stokke må også nemnast med flott klubbrekord i spyd med 52,87m. Det same gjeld Stig Andreas Langeland som i tillegg til å vera uvurderleg i tidtakar-bua, bidrog med viktige serieresultat i lengde og tresteg.

Hovud-NM vart elles litt spesielt i år med berre to av seks kvalifiserte deltakarar frå Osterøy. Markus sto over på grunn av problema som er beskrive over, Sondre på grunn av skade og fjorårets gullvinnar på 5000m, Hilde Aasheim, fekk dessverre sesongen spolert på grunn av problem med ein akilles. Den siste som hadde NM-kravet var Helga Reigstad. I tillegg til Martin sin bronse fekk Sigrid 5. plass i spyd med 49,64, eit resultat som vanlegvis ville gjeve medalje i øvinga. Sigrid er for øvrig rangert som Noregs tredje beste spydkastar i seniorklassen etter fjorårets sesong.

I Holmenkollstafetten stilte Osterøy både herre- og damelag. I herreklassen var ein ikkje så langt unna opprykk til eliteklassen, mens damene, med eit ungt og urutinert lag, plasserte seg litt lengre bak etter ein flott start på dei første etappane.

Elles var klubben representert med fleire lag i lokale stafettar som Ask-stafetten og Fri-stafetten. I stafett-NM blei det litt stang ut med 4. plass på 4x400m menn senior, mens det vart klubbrekord på 4x100m med 43,12 på Markus, Vebjørn Borge, Sondre og Martin.

I seriesamanheng rykka herrelaget knipent ned frå den øvste divisjonen i landsserien med 20273 poeng og 13. plass. Det var berre 200 poeng opp til den sikre 10. plassen. Damelaget klarte ein 20. plass i landsseriens 3. divisjon.

Bjarte Lohne, trenar og oppmann

Kvinner og menn veteranar

Blant veteranane er det Øivind Bernes, som trass i skadeproblem, har hevda seg mest. Totalt seks medaljar i Nordisk meisterskap inne og NM ute blei fasiten, samt deltaking i EM for veteraner i Tyrkia. Der sette ein skade han kraftig tilbake. Likevel klarte han å kvalifisera seg til ein finaleplass på 800m han dessverre måtte avstå frå. Elles hadde John Bernes to gull, og Karl J Reigstad ein sølv i veteran-NM, i tillegg til at Osterøy tok gull på 1000m stafett med Karl J, Alf Hansen, John Bernes og Arne Mjelde. I tillegg tok Terje Simmenes og Randi Kleppe tok kvart sitt gull i NM i terrengløp.

Dei løps- og treningsvillige yngre veteranane i Team Batti har merka seg godt ut i lokale mosjonsløp, men i liten grad på bane og i veteranmeisterskap, bortsett frå nemnde Simmenes.

På damesida er det enda tynnare kva banedeltaking angår. Helga Reigstad er den einaste veteranen som er notert med baneresultat i løpet av sesongen. Til gjengjeld var det med imponerende 40,82 i spyd som er over NM-kravet for senior og som gjev 799 poeng i veteranerien.

Beste veteranresultat blant herrane har Øivind Bernes med 4.45,91 på 1500m som gjev 886 veteranpoeng. Ein ser no ein tendens til at våre beste seniorar presterer betre enn veteranane sjølv om ein tek alderen i betraktning. Til dømes har Sigrid og Martin begge oppnådd over 900 seniorpoeng.

Veteranane har også delteke flittig på lokale stafettar og hadde lag for begge kjønn i Holmenkollstafetten.

I veteranerien blei Osterøy nr. 4 i herreklassen i landsserien og nr.2 i kretsserien. I kretsserien vart Helga nr. 4 mens ho landa ein 6. plass i landsserien.

Bjarte Lohne, trenar og oppmann

Arrangement

- 5 stevne med hopp utan tilløp, 6 karusellstevne, 3 rekruttstevne, 1 seriestevne på Osterøy Stadion og 2 seriestevne på Haus Idrettsplass.
- 5 testløp, 4 på Reigstad og 1 på Vikne.
- Valestrandsmarka rundt 14 løp, Haustrimmen 10 løp.
- Osterøymeisterskap i terrengløp i Mjeldalen.
- PEAB-lekene, kretskamp mellom Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland og Agder-fylka på Osterøy Stadion 13.-14. september.
- Stemmeseggi opp og over med 70 deltakarar, 27 på tid (81 i 2013).
- Bruviknipa Opp med 70 deltakarar, 45 på tid (160 i 2013)

- Ole Bull Løpet innlagt i Valestrandmarka Rundt 22. august med 46 deltakarar.
- Bjarte Viks Eliteløp med 50 deltakarar (51 i 2013)
- Sport 1 Brakvatnet halvmaraton med 251 deltakarar, 164 på tid (210 i 2013). I tillegg starta 34 born i barneløpet på ein runde.

Medlemstal

Medlemstal for 2014

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
Kvinner	0	41	28	2	37	108
Menn	0	31	30	9	46	116
Totalt	0	72	58	11	83	224
<i>Totalt, 2013</i>	<i>0</i>	<i>86</i>	<i>53</i>	<i>10</i>	<i>90</i>	<i>239</i>

Medlemsutvikling

	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Kvinner	-	?	?	?	113	108
Menn	-	?	?	?	126	116
Totalt	227	222	262	270	239	224

Vurdering av aktivitet i høve målsetjingane

I 2012 laga friidrettsgruppa ein handlingsplan der det er lista opp målsetjingar for åra framover, og kva tiltak som må setjast i verk for å nå dei (sjå vedlegg 2). Hovudområda i handlingsplanen er økonomi, å halda på ungdommane, rekruttering og leiarrekruttering.

Økonomien i friidrettsgruppa har vore god i fleire år, og me gjekk med overskot også i 2014. Framover vil det bli meir utfordrande å oppretthalda dette sidan me mister hovudinntektskjelda vår, regionale ungdomsleker, fom 2016. Når det kjem til sponsorar har Helga Reigstad også denne sesongen lagt ned mykje arbeid i å behalda og skaffa nye sponsorar. Det er no på plass langsiktige kontraktar med alle, og det er betre samsvar mellom kva sponsorane gjev og kva dei får attende. Elles er hovudinntektskjeldene som nemnt dugnadar i form av større arrangement, som PEAB-lekene, og Brakvatnet halvmaraton. Sistnemnde må vidareutviklast slik at det kan generera enda større inntekter i åra framover.

Gruppa har ikkje klart å halda på alle ungdommane dette året. Samstundes har det kome nye til, slik at totalen er nokså lik. Treningsgruppene har vorte flinkare til å ta imot nye når dei møter på trening. I tillegg håpar me at det å la alle som er byrja på ungdomsskulen bli ein del av Team Ungdom vil gjera miljøet «tettare» og meir inkluderande, slik at me ikkje mister dei me har no. Talet aktive utøvarar (på trening) i 4.-7. klasse kan sjå ut til å ha auka noko. Totalt sett har det også i år vore nedgang i medlemstalet, og dette skuldast nedgang blant dei aller yngste, og blant dei over 25 år (sjå tabell over).

I høve rekruttering av vaksne mosjonistar, har det stoppa litt opp, sjølv om me har god oppslutnad på enkelte mosjonsarrangement som t.d. Brakvatnet halvmaraton. Her bør det vera moglegheiter for å samla fleire til fellestreningar og på sikt få dei formelt inn som medlemmar i gruppa. Samstundes ser me at mosjonistane me allereie har i klubben trenar godt og deltek på fleire konkurransar og dette er positivt.

Eit anna mål har vore å få inn fleire kompetente menneske i ulike verv og funksjonar. Dette er ei utfordring. Friidrettsskulen stod til dømes utan trenar ei stund, før me fekk inn tre føresette som no delar på ansvaret med tidligare trenar. Styret slit også med rekruttering i dei leiande posisjonane, og består no i hovudsak av personar som også er trenarar. Fordelen er at styret er godt orientert om aktiviteten på grasrota, ulempa er at det vert mange oppgåver på få personar. På den positive sida fekk nokre nye ungdommar prøva seg som leiarar under årets DNB-idrettsleker. Me håpar dei vil halda fram i 2015.

Elles er trenardekninga god, og kompetansen som fins i trenarteamet vert betre utnytta enn tidlegare. Trenarane er engasjerte og legg ned mange timar kvar veke for å følgje opp både talenta og breidda.

Styret

Økonomi

Friidrettsgruppa har ein grei økonomi. Likviditeten var svak midt i sesongen, men ein ekstra innsats mot sponsorar og fordringar gav eit bra resultat. Slik tala ligg føre no hadde me i 2014 ein omsetnad på kr 748.270,- og fekk eit overskot på kr 31.337,-

På grunn av stor aktivitet og utøvarar som hevdar seg godt på nasjonalt nivå, har vi jamt over høge kostnader. Auka sponsorinntekter, samt fine overskot frå PEAB-lekene , Sport1 Brakvatnet Halvmaraton og DNB idrettsleker har gjort det mogleg å oppretthalda eit høgt aktivitetsnivå.

2015 vert kanskje siste år med PEAB-lekene. Det vert difor viktig å planleggja for alternative inntektskjelder og å byggja seg opp ein solid økonomisk buffer, noko som budsjettet for 2015 bør visa.

Sjå vedlegg 3 for budsjettet for 2015.

Arne Reigstad, kasserar

Konklusjon

Friidrettsgruppa har hatt nok eit innhaldsrikt år, og det har vore fleire sportslege høgdepunkt. Sigrid Borge og brørne Sondre og Martin Loftås Kåstad frå Team Ungdom stod for dei største. Kåringa av årets utøvar vart likevel eit enklare val enn førre sesong. Styret og trenarane var einige om at Sigrid sine prestasjonar var dei beste i 2014.

Nokre av høgdepunkta frå sesongen var:

- Sigrid Borge sitt 53,50-spydkast i Nordisk meisterskap i Kristiansand som ga ho gull, bestemannspremien for kvinner junior, og forbetring av pers og eigen krinsrekord med over tre meter.
- Sigrid si deltaking i junior-VM i Eugene, USA, der ho vart nr. 17 og fekk verdifull erfaring.
- Martin Loftås Kåstad sin bronse på 400m i hovudmeisterskapet etter at det på grunn av ein skade i ryggen rett før var usikkert om han vart bra nok til å delta.
- Sondre Loftås Kåstad sin 200m på 21.87 under finalen i jr-NM i Fredrikstad.
- Andre?

Det vart sett 6 klubbrekordar i 2014, og 3 utøvarar har oppnådd meir enn 1000 poeng i ei eller fleire øvingar. Elles har medaljefangsten vore brukbar. Det er i hovudsak Team Ungdom og veteranane som har stått for mange av medaljane.

Dei yngre utøvarane våre har hatt stor aktivitet både på trening, stevner og stafettar. I ungdomsgruppa har det «rykka opp» og kome til fleire utøvarar som deltek på stevne. Dette er gledeleg og til inspirasjon for både trenarar og yngre og eldre utøvarar. I tillegg er det ein liten gjeng som i hovudsak stiller på trening, og som bidreg mykje sosialt og på dugnad. Alle er like viktige for friidrettsgruppa.

Løpegruppa til Bjarte Vik (Team Batti) har stabil oppslutnad og legg ned mykje og god trening. Nærast heile gruppa deltek på diverse mosjonsløp og nokre også på lokale banestevne. Mosjonsgruppa, leia av Bjarte Lohne, har treningar på Brakvatne og Hatland med varierende oppslutning.

På arrangementssida har det vore stor aktivitet med to friidrettsleirar for born (DNB Idrettsleker), mosjonsløp og stevne. Friidrettsleirane har stor oppslutning, får mykje skryt og vert gjennomført av våre unge leiarar som gjer ein fabelaktig jobb. PEAB-lekene vart nok ein gong gjennomført på ein framifrå måte, og tilbakemeldingane har vore gode. Her er me prisgitt alle dei som bidreg med å fylle dei mange oppgåvene, både store og små, som skal utførast i eit slikt arrangement.

Økonomisk har det vore eit bra år. Helga Reigstad held fram å jobba godt på sponsorsida, og me har i år fått HTB med på laget, samt lengre kontraktar på fleire av sponsorane. Elles gjer heile gruppa ein stor og god jobb med dugnadsarbeid og arrangement. Spesielt PEAB-lekene, Brakvatnet Halvmaraton og DNB Idrettsleker (friidrettsleirane) er dugnadsarbeid som gir store inntekter. PEAB-lekene, 2014, på Osterøy vart nyleg kåra til årets beste ungdomsarrangement av Friidrettsforbudets ungdomsskomitè.

Gode prestasjonar og fleire kontraktsutøvarar gjer at også utgiftene til gruppa er store. Å skulle oppretthalde noverande aktivitetsnivå framover vert utfordrande. Klubben får arrangera regionale ungdomsleikar (tidl. PEAB) også i 2015, og har søkt om å få arrangementet også i 2016. Uansett er me avhengige av stabile sponsorinntekter, samt å vidareutvikla enkelte arrangement slik at ein går med nok overskot på desse.

Sjølv om det er mange engasjerte personer i friidrettsgruppa som gjer ein framifrå innsats med å drive og utvikle gruppa, er vi avhengige av å rekruttera nye personar både på trenarsida og i organisasjonen elles. Klubben har ikkje med nokon i Ung:leder-programmet dette året. Me håpar at

forbundet vel å halda fram med programmet slik at me kan søkja om å få med fleire ungdommar i åra framover.

Styret vil takka alle som har gjort ein innsats for friidrettsgruppa i året som har gått og ynskja dykk lukke til med sesongen, 2015!

Hatland, 17. februar, 2015

Marit Iren Reigstad, leiar

Vedlegg 1: Referat frå årsmøtet, 2015

Referat frå årsmøtet i friidrettsgruppa, OIL, 2015



Tysdag, 17. februar, kl. 19.30, i klubbhuset på Hatland

Tilstades: Marit Iren Reigstad (leiar), Karl Johan Reigstad (nestleiar), Arne Reigstad (kasserar), Bjarte Lohne, Herdis Helle, Per Inge Lillejord, Bjarte Vik, Inge Johs. Reigstad, Helga Reigstad, Mats Elvik og Tore Langeland.

Sakliste

SAKNR	SAK
1	Godkjenning av innkalling og sakliste Årsmøtet hadde ikkje merknader til innkalling og sakliste. Leiar, Marit Iren Reigstad, takka avtroppande styremedlem Per Inge Lillejord for god innsats som oppmann gjennom fleire år.
2	Val av ordstyrar Bjarte Lohne vart vald til ordstyrar
3	Val av referent Herdis Helle vart vald til referent.
4	Godkjenning av årsmeldinga 2014 Framlegget til årsmeldinga vart tatt til orientering med fylgjande endringar: Det skal inn i årsmeldinga at styret har behandla 60 saker. Leiar for styringsgruppa for Ungleiar prosjektet til Friidrettsforbundet i år har vore Helga Reigstad. Dommarar og startarar: Inge Johs har vore FD og FS ikkje FD og KS. Han er ikkje lengre med i kretsen sitt

startarteam.

5-7. klasse: Det skal inn at Marit Iren Reigstad har vore med som trenar.

Gutar og jenter 13-14 år: Kristoffer Vikne og Marianne Fedje Mjelde var òg med på PEAB.

Kvinner og menn veteranar:

Det skal takast inn i årsmeldinga at menn veteran fekk gull i tusen meter stafett i Veteran- NM.

Arrangement: Det må gå fram at vi fekk pris for beste ungdomsarrangement for PEAB-leikane på Osterøy av friidrettsforbundet sin ungdomskomiteé.

Konklusjon: Det må takast med at vi har søkt om PEAB-leikane for 2016.

5 Rekneskap 2014 – Budsjett 2015

Kasserar Arne Reigstad fekk ordet til å gjere greie for rekneskapen.

Årsmøtet godkjente framlegg til rekneskap og budsjett med fylgjande merknader:

Balansen:

Drakter som vert gitt til trenarane (om lag kroner 10 000) skal førast ut frå 4040 og inn på 4030.

Budsjett:

Post 3120 skal justerast opp til 135 000;- Driftsinntekter vert justert opp tilsvarande til 685 000.

Post 4030 opp 5000, post 5010 ned 10 000,

Driftskostnader vert justert ned til 655 000.

Driftsresultatet vert justert opp til 30 000.

6 Val av utsendingar til kretstinget og landstinget

Utsendingar til kretstinget vert Marit Iren Reigstad, Bjarte Lohne og Karoline Loftås. Helga Reigstad og Arne Reigstad er vara. Utsendingar til landstinget vert Paul Bruvik, Karl Johan og Helga Reigstad. Marit Iren Reigstad er vara.

7 Diskusjon rundt eventuell avtale om spesialsydd konkurranse drakter

Årsmøtet er i utgangspunktet skeptiske til spesialsydd drakter, men overlet til styret å ta endeleg avgjerdsle. Helga Reigstad jobbar vidare med spørsmålet.

8 Val av nytt styre

Ingen frå valkomiteen kunne møte.

Marit Iren Reigstad fekk ordet til å gjere greie for valkomiteen sitt framlegg som var fylgjande:

Leiar: Marit Iren Reigstad

Nestleiar/sportsleg leiar: Vebjørn Borge

Styremedlemmer: Herdis Helle , Kari Lovise Kvamme, Helga Reigstad, Karoline Loftås

Varamedlemmar: Sigrid Borge og Kjetil Stokke

Desse stod ikkje på val:

Kasserar: Arne Reigstad (2014 – 2015)

Oppmann, junior/senior: Bjarte Lohne (2014-2015):

Årsmøtet gjorde framlegg om Helga Reigstad som nestleiar og Vebjørn Borge som styremedlem.

Årsmøte valde Marit Iren Reigstad som leiar, og Helga Reigstad som nestleiar. Vebjørn Borge, Karoline Loftås, Herdis Helle og Kari Lovise Kvamme vart valde som styremedlemmer. Herdis Helle og Vebjørn Borge vart vald for to år. Dei resterande medlemmene i styret vart valde for eitt år.

9 Oppnemning av ny valkomité

Åse Bergheim vart vald til leiar i valkomiteen, Frank Loftås og Tore Hannisdal vart vald som medlemmar.
Martin Loftås Kåstad vart vald til varamedlem.

Leiar takka for oppmøtet og takka avtroppande nestleiar Karl Johan Reigstad for god innsats.

Referent,

Herdis Helle, skrivar

Vedlegg 2: Målsetjingar for 2012 og åra framover

- Økonomi:
 - Arbeide med å betre klubbens framtidige økonomi
- Halda på ungdommane i klubben:
 - Halda fram oppfølging av og satsing på talenta.
 - Følgje opp alle utøvarar på deira nivå, fokus på eigenutvikling.
- Rekruttering:
 - Auke rekrutteringa av unge, hovudsakleg born på mellomtrinnet i skulen (4.-7. klasse).
 - Auke rekrutteringa av vaksne, hovudsakleg mosjonistar som ikkje allereie er knytt til klubben.
 - Opprette gode mottaksrutiner
- Leiarrekruttering:
 - Få inn fleire kompetente folk i klubben, både i styre og stell, og som trenarar.

Tiltak

- Økonomi:
 - Opprette eit økonomiutval
 - Oppretthalde gode sponsoravtalar
 - Skaffe nye sponsoravtalar
 - Auke satsinga på eit eller to større mosjonsløp/-arrangement
 - Dugnad
- Halde på ungdommane, Ung:Leder-gruppa har valt desse fire satsingspunkta:
 1. Fleire kvinnelege trenarar og kvalifiserte trenarar.
 2. Variasjon i treningane
 3. Kreative tiltak: Treningsleir/ treningssamlingar/sosialt
 4. Treningar på tvers av idrettane.
- Rekruttering:
 - Opprette rekrutteringsutval
 - Trening for mosjonistar i alle aldre og uansett form minst ein gong pr veke.
 - Jentetrening ein dag i veka for ungdomsskuleelevar
 - «Ta med ein venn»-trening
 - Gode mottaksrutiner: Registrering av utøvar, kontaktinformasjon og anna informasjon til føresette.
 - Arrangera lagkonkurranse for skulane
 - Talentspeiding på skuleidrettsdagar, Tine-stafetten og i andre idrettar.
- Leiarrekruttering:
 - Ungdomsrepresentant i styret.
 - Halde fram med UngLeder-utdanning og –tiltak
 - Foreldrekveld. Sosialt tiltak.
 - Foreldrerepresentant inn i alle nye utval (økonomi, rekruttering, sportsleg og arrangement).